

## Møtereferat

Dato: 21.12.2017

Emne:	<b>Forprosjekt Fv107 Austrepollen- Nordrepollen - Referat frå møte med kommunane og Jondalstunnelen AS</b>	
Til stades:	Jon Larsgård, Jondal kommune Jostein Ljones, Kvam herad Kristian Jensen, Odda kommune Torolv Mikkelsen, Jondalstunnelen AS Benthe Enes Bondhus, Jondalstunnelen AS John Skogseth, Jondalstunnelen AS Svein Halleraker, Jondalstunnelen AS Heidi Sandven Botnen, Jondalstunnelen AS Per Steffen Myhren, engasjert av Jondalstunnelen AS Håkon Rasmussen, Hordaland fylkeskommune Bente Utne, Hordaland fylkeskommune Matti Torgersen, Hordaland fylkeskommune	
Forfall:	Peder Sjo Slettebø, Kvinnherad kommune Carl-Erik Nielsen, Statens Vegvesen	Sak: 2016/34254-15
Møtetid:	20. desember 2017	Møtestad: Hordaland fylkeskommune, 8 etasje


**Møteleiar: Håkon Rasmussen****Referent: Matti Torgersen**

Bakgrunnen for møtet var at Hordaland fylkeskommune har fått Norconsult til å utarbeide eit forprosjekt for Fv107 mellom Austrepollen og Nordrepollen i Kvinnherad kommune. Utgreiinga kom i stand etter eit initiativ frå Jondalstunnelen AS.

Peder Sjo Slettebø meldte at han vart på kort varsel forhindra frå å stille, og beklaga det sterkt.

Matti Torgersen presenterte hovudkonklusjonane frå rapporten. Presentasjonen følgjer vedlagt.

Dei utgreidde alternativa kjem fram av kartet under.



Norconsult har tilrådd vegline 1, som går mellom påhugga B og F. Kostnad med risikopåslag er rekna til 1210 mill kr. Det er relativt lite skilnad i kostnader mellom alternativa.

Det er berekna eit bompengepotensiale på 230 mill, basert ein ÅDT på 600 i 2016,5 pst eingongsauke ved opning av tunnelen, og 1,5 pst årleg vekst etter dette. Vidare er det lagt til grunn ein MVA –kompensasjon på 187 mill kr.

Det betyr at det er eit restfinansieringsbehov på nærare 800 mill kr som må finansierast gjennom rassikringsmidlar og andre midlar.

Prosjektet må i stor grad bli finansiert gjennom rassikringsmidlar. Det ligg ikkje inne midlar i investeringsprogrammet for fylkesvegnettet i perioden 2018-21.

Noen kommentarar i diskusjonen vart:

- Fleire meinte at ein må rekne ein langt høgare ÅDT på strekninga. Det vart vist til andre planlagde vegutbetringar i området som som vil bidra til å auke trafikken, m.a. E134 Seljestad-Røldal og E134 Røldal-Våglid og Fv7 Tokagjelet . Det vart også peikt på at strekninga vil kunne bli ein del av ein ny Hordalandsdiagonal.
- Føresetnadene for kostnadsanslaget vart etterspurt. Fleire vurderte kostnadsanslaget som svært høgt. Fylkeskommunen vil be konsulent om å levere dette, og det blir ettersendt til møtedeltakarane.
- Vegen vil ha ein viktig funksjon for å binde saman den framtidige Ullensvang kommune, og samanslåing av kommunane kan forvente i seg sjølve å bidra til trafikkauke på strekninga.
- Det vart peikt på at det kan vere problematisk å krysse Austrepollaelva nær Austrepollen slik Norconsult gjer framlegg om.

- M.a. grunna usikkerheit om kryssing av Austepollelva lengst nede, vart det av fleire peikt på at alternativ S5 i KU om Jondalstunnelen bør undersøkast ytterlegare.
- Kvinnherad kommune er planmynde, og må vere med i den vidare prosessen.

Det må vurderast om det er mogleg å kunne vidareføre bompengerevjuvinga ved Jondalstunnelen etter at bompengelånet og forskoteringar er nedbetalt, som etter SVV sine utrekningar vil skje 1. kvartal 2020. For å fremje ny bompengesøknad for Stortinget, krev det godkjend reguleringsplan. Ein mulegheit er i første omgang kan vere at det vert fremja bompengesøknad knytt til løysing for gåande og syklande på Fv107 ned mot Jondal sentrum, alternativt at det vert søkt om førehandsinnkrevjing av bompengar.

Det vart konkludert med at rapporten blir sendt ut til kommunane og Jondalstunnelen AS til merknader innan midten av januar 2018. Det vil på grunnlag av dette bli vurdert å starte opp eit tilleggsoppdrag til Norconsult t.d. for å utdjupe alternativ med påhogg lenger opp i Austrepollen. Etter dette kan det vere aktuelt å setje i gang reguleringsplan med KU for tiltaket.

Det vert teke sikte på eit nytt møte om sambandet i løpet av mars 2018 i Rosendal.